polyfon | kunnskapsklynge for musikkterapi



# ÅRSMELDING 2024





Ansvarleg for årsmeldinga: Brynjulf Stige
Ansvarleg for vedlegg 2: Svitlana Kolesnyk
Ansvarleg for indikatordata og vedlegg 3: Liv Gunnhild Qvale
Ansvarleg for vedlegg 4: Kristianne Ervik / Polyfons erfaringspanel

Fråskriving: Årsmeldinga har nytta opplysningar frå Norsk pasientregister (NPR). Forfattarane av årsmeldinga er eineansvarlege for presentasjon og tolking av dei utleverte opplysingane. Registerforvaltar for NPR har ikkje ansvar for analysar eller tolkingar baserte på dei utleverte opplysningane.

Framsidefoto:

- Oppe til venstre: Frå eit fagseminar om musikkterapi i psykisk helsevern og TSB, arrangert i samband med Polyfon-konferansen 2024. Seminaret samla musikkterapeutar frå Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Førde, Kirkens Bymisjon Innlandet, Solli DPS, St. Olavs Hospital, Sykehuset Telemark og Voss DPS NKS Bjørkeli. Foto: privat.
- Midten til høgre: Anne Blindheim, erfaringskonsulent ved Haukeland universitetssjukehus, under sitt plenumsføredrag under Polyfon-konferansen 2024. Foto: Julie Amilien Simon / Polyfon.
- Nede til venstre: Gro Trondalen, professor i musikkterapi ved Noregs musikkhøgskole, under lanseringa av ei ny utgåve av «Etableringshandboka» under Polyfon-konferansen 2024. Foto: Julie Amilien Simon / Polyfon

---

Årsmeldinga vart godkjend av Polyfons styringsgruppe 11. april 2025.

Frode Thorsen (Universitetet i Bergen), Belén Birkenes (Bergen kommune), Maria Hauser (Betanien Sykehus), Camilla Rødsrud Schøyen (Haugesund kommune), Randi-Luise Møgster (Helse Bergen), Kari Lise Vangsnes Dybdahl (Helse Fonna), Anne-Grethe Naustdal (Høgskulen på Vestlandet), Anne Kristin Stretre (Lillestrøm kommune), Sindre Edvard Alvheim Angeltvedt (NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus), John Harald Kaspersen (NORCE), Astrid Kvalbein (Noregs musikkhøgskole), Per Morten Ekerhovd (Vestland fylkeskommune/ Partssamarbeid Vestland), Kenneth Dybdahl og Anita Lid (Polyfons erfaringspanel).

# Forord

Når vi no kan leggje fram Polyfons årsmelding for 2024, er det etter eit år der vi har fått arbeidd med planar som peikar framover. Klynga har dette året både fått vedtatt ein ny strategi for perioden 2024-2030 og også ein handlingsplan for perioden 2025-2030. Dette har gitt oss eit styrkt grunnlag for systematisk arbeid med utvikling av god informasjon, solide tenester og samfunnsrelevant kunnskap og kompetanse. Klyngas nye visjon og hovudmålsetjing går fram av Vedlegg 1 og delmålsetjingar av innleiingane til kap. 1-4.

Dei nye plandokumenta har fått konsekvensar for utforminga av denne årsmeldinga, m.a. når det gjeld kapittelrekkefølgje og utforming av kap. 5. Viktigare er det at plandokumenta gjev oss reiskapar for å utforske korleis samarbeidet i klynga kan utviklast vidare.

Eit av dei viktigaste spørsmåla i klyngesamarbeidet i åra framover vil vere korleis ein best kan byggje opp Polyfons nasjonale profil, slik at dei store regionale skilnadene som vi i dag ser i bruken og utviklinga av musikkterapitilbod vert reduserte og vi får eit nasjonalt løft for musikk som helseressurs.

Vi nyttar høvet til å takke for godt samarbeid i 2024 og gler oss til vidare samarbeid om utvikling av klynga!

2025 blir elles eit jubileumsår for kunnskapsklynga. Polyfon. Medan klynga i dag er etablert som ein fast, nasjonal samarbeidsstruktur, starta det heile som eit regionalt prosjekt i 2015. Og 10-års-jubileet skal vi vite å markere, med vekt på korleis erfaringane så langt kan gje oss innsikter og inspirasjon for vidare utvikling!



Randi-Luise Møgster
Styringsgruppeleiar



Brynjulf Stige
Klyngeleiar

# Innhald

Forord 3
Samandrag 5
1 Formidling 8
  Klyngeaktivitet 8
  Indikatordata 12
  Vurderingar 14
2 Praksisutvikling 15
  Klyngeaktivitet 15
  Indikatordata 16
  Vurderingar 17
3 Forsking 18
  Klyngeaktivitet 18
  Indikatordata 21
  Vurderingar 23
4 Utdanning 24
  Klyngeaktivitet 24
  Indikatordata 25
  Vurderingar 27
5 Utvikling av klyngesamarbeidet 28
  Nye klyngedeltakarar 28
  Klyngas samarbeidsorgan 28
  Utviklingsarbeid i 2024 29
  Risikovurderingar 30
  Rullert handlingsplan for 2025 31
Vedlegg 1: Generelt om kunnskapsklynga Polyfon 32
Vedlegg 2: Rekneskapsrapport for Polyfon for 2024 33
Vedlegg 3: Polyfon-relaterte vitskaplege publikasjonar i 2024 34
Vedlegg 4: Årsrapport 2024 fra Polyfons erfaringspanel 39

# Samandrag

Kunnskapsklynga Polyfon arbeider for at musikk som helseressurs skal takast i bruk i heile landet, på ein brukarorientert og kunnskapsinformert måte. Årsmeldinga viser at det er høg og god aktivitet i klynga, både når det gjeld formidling, praksisutvikling, forsking og utdanning. Samstundes er det nasjonale utfordringar å ta tak i, ikkje minst når det gjeld systematisk implementering av musikkterapi i tenestene. Her følgjer samandrag av klyngas arbeid med områda formidling, praksisutvikling, forsking og utdanning, etterfølgd av ei oppsummering av korleis ein har arbeidd med å styrke sjølve klyngesamarbeidet.

### 1 Formidling

I innleiinga til kapittelet vert verdien av formidling understreka, då kjennskap til musikkterapi i tenester og samfunn er ein nødvendig føresetnad for alt arbeid og samarbeid i kunnskapsklynga.

Klyngedeltakaranes eigen formidlingsaktivitet kjem klyngesamarbeidet til gode, der vi gjev to eksempel:

- Noregs musikkhøgskoles faglege bidrag til NRK-serien Demenskoret
- Vestlands fylkeskommunes formidlingsaktivitet gjennom konferansar, nettverk og rådgjeving

Av formidlingstiltak som spring ut av samarbeidet i klynga, omtalar vi:

- Klyngas dialog med det regjeringsutnemnde Musikkutvalet
- Erfaringspanelet sin kronikk i *Magasinet Psykisk helse*
- Samarbeidet med Norsk foreining for musikkterapi om innføringskurset En smakebit av musikkterapi
- Gjennomføring av eit Kræsjkurs i formidling
- Formidlingsarbeid som kan fremme implementering i ulike delar av landet

Klyngesekretariatet sitt arbeid med formidling har i 2024 omfatta:

- Tre utlysingar av midlar til formidlings- og arrangementsstøtte
- Drift av eit nasjonalt nettverk for rekruttering og mangfald i norsk musikkterapi
- Vidareutvikling av Polyfons nettside, med vekt på styrking og oppdatering av faglege ressurssider
- Ein ny oversikt over praksisnære Rapportar om musikkterapi utarbeidde av klyngedeltakarane.
- Ein ny rettleiar for brukarmedverknad, m.a. med råd frå Polyfons Erfaringspanel
- Oppdatering av to av Polyfons kunnskapsbeskrivingar for tenestene, brukarar og ålmenta
- Oppdatering av Polyfons lenkesamling
- Publisering av bulletengen Polyfon-nytt, som i 2024 kom ut med 9 nummer
- Regelmessige innlegg på Polyfons Facebook-side og Instagram-konto
- Planlegging og gjennomføring av den årlege Polyfon-konferansen

Vurdering: Det er framleis svært relevant å styrke arbeidet med å gjere musikkterapi meir synleg i samfunnet, der vi også må arbeide med profesjonalitet i møte med krevjande etiske og politiske tematikkar, inkludert prioriteringsdiskusjonar i tider der offentlege tilbod og tenester står under press. Denne vurderinga er ikkje ulike den vi presenterte i 2023. Det tyder på at klynga truleg gjer mykje godt informasjonsarbeid, men det kan også tyde på at det er relevant å sjå på om og korleis Polyfons informasjonsarbeid kan fornyast.

### 2 Praksisutvikling

Praksisutvikling hjå klyngedeltakarane omfattar både behandlingsorientert musikkterapi i helsevesenet og musikkterapi som lågterskeltilbod, oppfølging og ein pedagogisk og psykososial ressurs i ulike kontekstar.

To initiativ hjå klyngedeltakarane i 2024 for oppbygging av nye musikkterapitilbod var:

- Vestland fylkeskommune har starta eit toårig prosjekt der ein skal skaffe meir kompetanse på bruk av musikkterapi i vidaregåande opplæring.
- Noregs musikkhøgskole har forhandla fram ein avtale med Oslo kommune, for etablering og evaluering av 5 nye demenskor i ulike bydelar i Oslo.

Nyutvikling av tilbod innanfor eksisterande stillingar:

- Det kommunale Aktivitetssenteret Bergen Sør og Solli DPS har gått saman om å utvikle Tonetrinn, eit nytt oppfølgingstilbod innan musikkterapi og psykisk helse
- Eit korprosjekt ved Knarvik vidaregåande skule supplerer Vestland fylkeskommunes toårige prosjekt om bruk av musikkterapi i vidaregåande opplæring
- Ved Haukeland universitetssjukehus er det bygd opp tettare samarbeid mellom musikkterapeutane ved Barne- og ungdomsklinikken og Klinikk Psykisk helsevern barn og unge
- Haukeland universitetssjukehus har også starta ein pilot for utvikling og evaluering av eit kor for tilsette, med fokus på trivsel og psykisk helse
- Helse Fonna har i 2024 gjennomført eit utviklingsarbeid for formalisering av prosedyrar for musikkterapeutar i psykisk helsevern, noko som m.a. munna ut i ein rundebordsdiskusjon under Polyfon-konferansen: Kvifor treng vi prosedyrar for musikkterapi i spesialisthelsetenesta?.

Polyfon arbeider for at systematikk i praksisutvikling skal spreie seg og har i 2024 m.a. bygd opp ei ny infoside med tips og råd om praksisutvikling. For arbeid med praksisutvikling blir det også ein viktig ressurs at Noregs musikkhøgskole i 2024 gav ut andre utgåve av Musikkterapi i helsetjenester for psykisk helse og avhengighet. En etableringshåndbok, med Torhild Kielland, Hans Petter Paulen Solli og Gro Trondalen som redaktørar.

Som tidlegare år vert data frå Norsk pasientregister (NPR) lagt fram som dokumentasjon på endringar i tal pasientar som får musikkterapitilbod i spesialisthelsetenesta i dei fire helseregionane i Noreg. Tilsvarande data for kommunale tenester og tilbod er diverre ikkje tilgjengeleg. Statistikken viser som tidlegare år at musikkterapitilbod er klart mest tilgjengelege i Helse Vest. Det er færre pasientar som får tilbod i Helse Sør-Øst enn i Helse Vest, sjølv om folketalet i denne regionen er tre gonger så høgt som i vest. I Helse Midt og Helse Nord er det svært få pasientar som får tilbod om musikkterapi. Statistikken tyder på at tre faktorar er i spel når det gjeld nasjonal implementering av musikkterapi: 1) Nasjonale retningslinjer og føringar, 2) Nasjonal fordeling av utdanningstilbod i musikkterapi, og 3) Klyngesamarbeid. I vidare arbeid med styrkt systematikk i implementering kan det difor vere tenleg å vurdere aktuelle tiltak knytte til desse tre faktorane.

## 3 Forsking

Kunnskapsklynga bidreg til nye forskingsinitiativ, nye samarbeid og ikkje minst til meir praksisnær og brukar-involvert forsking. Nokre nye grep i 2024 kan omtalast:

- Vi har laga eit årshjul / ei nettside med informasjon om korleis søkje om støtte frå Polyfon
- Vi har utarbeidd ei oversikt over Polyfons tildelingar til ulike forskingsprosjekt sidan starten i 2015, der det også kjem fram kva resultat dette har gitt
- Vi har dessutan utarbeidd oversikt over praksisnære Rapportar om musikkterapi

Kva som kjem av ny forsking er sjølvsagt først og fremst avhengig av forskingsmiljøa hos klyngedeltakarane, men med Fighting Addictions, improving Lives: COmprehensive drug rehabilitation with music (FALCO) som eksempel (eit NORCE-prosjekt som fekk ei EU-tildeling på over kr 100 millionar i 2024), omtalar vi korleis klyngesamarbeidet ofte kan styrkje klyngedeltakarane sine føresetnader for å lukkast med forskingsinitiativ.

Polyfon lyser ut midlar til forskingsstøtte to gonger i året. I 2024 vart det delt ut kr 265.000 til 5 prosjekt. Vidare vart det delt ut to sommarstipend for musikkterapistudentar, kr 40.000 kvar. På slutten av 2024 vart det elles klart at GC Rieber Fondene gir Polyfon kr 240 000 i støtte i 2025, til etablering av seks nye tverrfaglege sommarstipend for studentar. Dette gjev heilt nye mogelegheiter for tverrfagleg samarbeid om utvikling av forskingsprosjekt.

Polyfon arbeider altså med på å motivere og kvalifisere masterstudentar for framtidig forsking. Formalisert forskarutdanninga skjer gjennom doktorgradsprogramma ved universitet og vitskaplege høgskular. Blant klyngedeltakarane var det 4 disputasar for forsvar av nye doktoravhandlingar innan musikkterapi i 2024.

Åtte av klyngedeltakarane har publisert klyngerelevant forsking i 2024: Bergen kommune, Betanien sykehus, Haukeland universitetssjukehus, Høgskulen på Vestlandet, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus, Noregs musikkhøgskole, NORCE og UiB. Klyngedeltakarane produserer mykje samfunnsrelevant kunnskap.

**4 Utdanning**

Polyfon byggjer samarbeid mellom dei to norske musikkterapiutdanningane og støttar ulike seminar og etterutdanningsinitiativ.

Den årlege Polyfon-konferansen er ein viktig etter- og vidareutdanningsarena og samla i 2024 over 200 deltakarar. Konferansen er også ein arena der ein kan skape fleirstemmige samtalar om innhaldet i og relevansen av utdanningstilboda i musikkterapi. Under 2024-konferansen skjedde det m.a. under runde-bordsdiskusjonen Kvifor treng vi prosedyrar for musikkterapi i spesialisthelsetenesta?

Indikatordata for nasjonal utdanningskapasitet viser at denne er for låg, dersom ein i løpet av nokre tiår skal nå målet om å gjere musikkterapi tilgjengeleg på ein meir likeverdig måte i heile landet. Samstundes ser vi at søknaden til musikkterapistudiet ikkje har gått opp dei seinare åra. Dette er bakgrunnen for at Polyfon i 2023 tok initiativ til etablering av eit nasjonalt rekrutteringsnettverk. Dette arbeidet vart vidareført i 2024.

Arbeidsgruppa for tverrfagleg samarbeid om profesjonsutdanning heldt fram sitt viktige arbeid i 2024.

**5 Utvikling av klyngesamarbeidet**

Som kunnskapsklynge er Polyfon ein reiskap for å byggje fagleg aktivitet og kvalitet gjennom samarbeid og samskaping. I Kapittel 5 summerer vi opp utviklinga av sjølve klyngesamarbeidet i 2024, der vi legg vekt på:

- Klynga har fått 2 nye klyngedeltakarar: Haugesund kommune og Lillestrøm kommune
- Eit omfattande utviklingsarbeid er sett i gong, med ny Strategi og ny Handlingsplan og påbegynt arbeid med revidert Klyngeavtale og ny Utviklingsplan for Erfaringspanelet
- Dette utviklingsarbeidet har vore med på å klargjere rollene til dei ulike samarbeids-organa i Polyfon (Styringsgruppa, Fagrådet, Erfaringspanelet, Arbeidsgruppene og Sekretariatet)
- Risikovurderingar er gjennomført, med vekt på økonomi, samfunnskontekst, fag og organisasjon
- Handlingsplanen er rullert for 2025, med vedtak om konkrete tiltak når det gjeld i) Nasjonal funksjon, ii) Brukar- og pårørandemedverknad, iii) Kunnskap i samfunnet om musikkterapi og musikk som helseressurs, iv) Integrasjon av musikkterapi i tenester og tilbod, v) Musikk som folkehelseressurs, vi) Forsking om musikkterapi og andre helserelaterte musikkpraksisar, vii) Utdanningane i musikkterapi, og viii) Emne og kurs om musikkterapi / musikk og helse i aktuelle utdanningar



*Polyfon-samarbeidet engasjerer breitt. Her ser vi musikkterapeutar innan eldreomsorga i Bergen kommune og Øygarden kommune, som i samband med Polyfon-konferansen 2024 gjekk saman om å organisere ein nasjonal inspirasjonsdag for musikkterapeutar i eldreomsorga. Foto: Privat.*

# 1 Formidling

Tidlegare år har arbeid med formidling vore knytt til klyngas delmål 4. I strategien for 2024-2030 er formidling løfta opp som klyngas første delmål, ut i frå den vurderinga at kjennskap til musikkterapi i tenester og samfunn er ein nødvendig føresetnad for alt arbeid og samarbeid i kunnskapsklynga.

Målsetjinga for formidling, slik det er formulert i Polyfons strategi for 2024-2030, er: *1. Kunnskap om musikkterapi og musikk som helseressurs er lett tilgjengeleg i samfunnet.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2024, under overskriftene *Klyngeaktivitet*, *Indikatordata* og *Vurderingar*.

## Klyngeaktivitet

Klynga deltar i det offentlege ordskifte om musikkterapiens utvikling, gjennom deltaking i media, nettverk og høyringar og på ulike konferansar og seminar.

Fleire av klyngedeltakarane bidreg med omfattande formidlingsaktivitet som kjem klyngesamarbeidet og realisering av klyngas målsetjingar til gode. Vi kan nemne nokre eksempel frå 2024:

- Noregs musikkhøgskoles faglege bidrag til NRK-serien Demenskoret hatt stor verdi for det offentlege ordskiftet om musikkterapi / musikk og helse, også i 2023. I 2024 kom sesong 2 av denne viktige serien. I etterkant er det etablert demenskor i mange norske kommunar og det er gjort ein avtale mellom Oslo kommune og Musikkhøgskolen om utvikling og evaluering av demenskor i ulike bydelar.
- Vestland fylkeskommune arrangerer konferansar om musikkterapi / musikk og helse med jamne mellomrom, i 2024 m.a. ein konferanse i januar om korleis musikk kan brukast som helsefremjande tiltak i kommunane. På programmet stod m.a. presentasjonar av musikkterapi, musikkbasert miljøbehandling, den kulturelle spaserstokken og samarbeid mellom offentlege og frivillige instansar.
- Fylkesutvalet i Vestland har vedtatt at fylkeskommunen skal etablere eit samarbeidsforum med kommunar og frivillige organisasjonar for å auke kunnskapen, styrkje erfaringsdelinga og samordne innsatsen innanfor fagområdet kultur og helse. Med dette som utgangspunkt, har fylkeskommunen starta eit arbeid med å utvikle rådgjevande tenester innan musikkterapi til kultur-, oppvekst-, helse- og omsorgssektoren.



*Vestland fylkeskommune arrangerer konferansar om musikkterapi / musikk og helse med jamne mellomrom. Bildet er frå konferansen Korleis kan musikk vere ein helse-ressurs i kommunane? F.v.: Simen Lagesen Krogstie (Vestland fylkes-kommune), Brynjulf Stige (Polyfon kunnskaps-klynge for musikkterapi), Marit Stranden (Nasjonalt kom-petansesenter for kultur, helse og omsorg) og Bente Irene Løkken (Helse Nord-Trøndelag). Foto: Vestland fylkeskommune.*

Vidare er det ein god del formidlingsarbeid som spring ut av samarbeid mellom klyngedeltakarane. I 2024 var klynga t.d. i dialog med det regjeringsutnemnde Musikkutvalet, som våren 2025 skal levere ein sluttrapport i form av ei norsk offentleg utgreiing (NOU) til Kultur- og likestillingsdepartementet. På eit seminar arrangert ved Noregs musikkhøgskole (NMH) 10. januar, presenterte forskarar frå NMH sentral forskingsbasert kunnskap om musikkterapi, medan representantar frå Helse Bergen og Bergen kommune presenterte Polyfons arbeid med systematisk implementering av musikkterapi i tenestene. Klynga og klyngas Erfaringspanel har sendt inn høyringsinnspel til Musikkutvalet.

Eit viktig bidrag i det offentlege ordskiftet i 2024 stod Polyfons Erfaringspanel for, i ein kronikk publisert i *Magasinet Psykisk helse*. I kronikken argumenterer Panelet for at fleire menneske med psykiske lidingar burde få tilbod om musikkterapi. Panelet summerer opp vurderingane sine med 5 grunnar til at politikarane bør prioritere musikkterapi (sjå Figur 1.1).

**5 grunner til at politikerne burde prioritere musikkterapi**

- Det er i tråd med prinsipper om brukermedvirkning. Pasienter skal medvirke i egen behandling. Brukerundersøkelser viser at pasienter ønsker seg musikkterapi. Dette må derfor være en reell valgmulighet.
- Vi må ikke ta for gitt at alle mennesker uttrykker seg best gjennom samtaler, eller verbal kommunikasjon i det hele tatt. Mennesker er kulturelle vesener med behov for mening og mestring, estetiske erfaringer og kreativ utfoldelse.
- Musikkterapi har veldokumenterte effekter. På bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget er musikkterapi sterkt anbefalt i Helsedirektoratets nasjonale retningslinjer for behandling av psykoselidelser.
- Det er kostnadseffektivt for et helsevesen som er mer presset enn noen gang. Mange velger å bruke musikk som en mestringsressurs og hverdagsaktivitet etter at de har hatt musikkterapi. Dette er et godt eksempel på hvordan helse- og kultursektoren kan samarbeide for å løse samfunnsutfordringer.
- Musikkterapi kan bedre samspillet mellom det offentlige hjelpeapparatet og sivilsamfunnet. Fremtidens velferdsstat krever sosialt entreprenørskap. Her ligger det muligheter for å utnytte potensialet som ligger i det frivillige musikklivet. •

*Polyfons erfaringspanel: Ruth Sølvi Brudvik, Kenneth Dybdahl, Turid Hagelsteen, Anita Lid, Anne Malerbakken, Silje Rasmussen Sandnes, Vilde Thorsen, Kristianne Storhaug Ervik*

*Figur 1.1.: Utklipp frå* i *kronikken Musikk i en terapeutisk prosess, som Polyfons Erfaringspanel fekk publisert i Magasinet Psykisk helse i september 2024.*

I 2024 vart innføringskurset En smakebit av musikkterapi gjennomført for første gong, for erfarings-konsulentar og andre med interesse for faget. På oppmoding frå Polyfons Erfaringspanel, har klynga utarbeidd dette kurset i samarbeid med m.a. Norsk forening for musikkterapi. Med støtte frå Musikkens studieforbund vart det i 2024 mogeleg å arrangere kursdagar ved NMH 29. november og ved Grieg-akademiet 2. desember. Begge kursa vart fullteikna kort tid etter at dei vart annonserte, og det var fine føre-drag, gode samtalar og stort engasjement begge stader. Ein digital versjon av kurset er under utarbeiding.



*Silje Rasmussen Sandnes (Polyfons Erfaringspanel), Christine Wilhelm-sen (Noregs musikkhøgskole / Norsk foreining for musikk-terapi) og Jelena Golubovic (Oslo kommune) var tre av dei som var med på å fylle seminaret ved NMH med godt innhald. Foto: Norsk foreining for musikkterapi.*

Nytt av året, var at Polyfon hausten 2024 arrangerte eit Kræsjkurs i formidling. Mange har interessante innsikter og viktig kunnskap å formidle, men mindre erfaring med å gjere det. Klynga ønskjer å gje plass også til nye stemmer i den fleirstemde samtalen om musikkterapi / musikk og helse. Før Polyfon-konferansen vart det difor arrangert eit lite lynkurs i formidling, organisert som eit webinar.



*Då Polyfon arrangerte eit Kræsjkurs i formidling hausten 2024 var kurshaldarane to av dei sprekaste formidlarane i norsk musikkterapi, nemleg Monika Overå (Noregs musikkhøgskole) og Tora Söderström Gaden (Bergen kommune, MO Eidsvåg). Foto: Emil Gaden/ Silje Måseide.*

Kunnskapsklynga er også aktiv i formidlingsarbeid som kan fremme implementering i ulike delar av landet, i 2024 m.a. på ein konferanse arrangert av Møre og Romsdal fylkeskommune, på Psykologikongressen 2024 og på ein fagdag arrangert av Nordlandssykehuset. Vi kan utdjupe litt om det siste: Nordlandssykehuset arrangerte i oktober ein fagdag om musikk og helse, som del av eit initiativ for utvikling av musikkterapitilbod i Bodø. Overlege Kirsti Nesset ved Barneklinikken ved sjukehuset var primus motor for initiativet. Polyfons leiar deltok då med ein presentasjon om korleis kunnskapsklynga kan bidra til implementering og utvikling av musikkterapi. Programmet elles var fagleg allsidig, med presentasjonar frå fagmiljø ved Noregs musikkhøgskole, Universitetet i Bergen, Haukeland universitetssjukehus, Oslo universitetssykehus og Universitetssykehuset i Nord-Norge.



*Her ser vi førelesarane og nokre av initiativtakarane til fagdagen om musikk og helse i Bodø i oktober 2024. Foto: Nordlands-sykehuset.*

For å stimulere dei einskilde klyngedeltakarane sitt arbeid med formidling og styrke samarbeidet på området, lyser Polyfon ut midlar til formidlings- og arrangementsstøtte tre gonger i året. Dette er utlysingar alle deltakarane kan søkje på. Følgjande tiltak fekk støtte frå Polyfon i 2024:

Februar:

- Betanien sykehus ved Nathan Smith: kr 15.000 i støtte til informasjonsfilmen *Musikkterapi – En oppskrift hjernen trenger etter traumer?*
- Bergen kommune ved Stine Andrea Sognnes: kr 15.000 i støtte til å arrangere inspirasjonsdag for musikkterapeutar i eldreomsorga

Juni:

- Haugesund kommune ved Kjetil Olai Lundø: kr 8.000 i støtte til å arrangere seminar for å auke merksemda i kommunen rundt temaet musikk og helse
- Vestland fylkeskommune, Knarvik vidaregåande skule, ved Kristine Moldskred: kr 10.000 i støtte til å vidareutvikle eit korprosjekt ved helse- og oppvekstavdelinga på Knarvik vgs
- Universitetet i Bergen, Griegakademiet, ved Lars Tuastad, i samarbeid med Noregs musikkhøgskole ved Hans Petter P. Solli: kr 12.000 i støtte for å kunne starte pilotprosjektet *Levd Liv Live – konsertforedrag med Morten & Lasse og Diva and the Doctor*

Oktober: ingen søknader

Polyfon ønskjer å stimulere denne type formidlingsinitiativ hjå klyngedeltakarane og vil også bidra til at det blir skapt samanhengar mellom alle dei ulike formidlingsaktivitetane klyngedeltakarane bidreg til.

Av annan klyngeaktivitet knytt til formidling, kan vi nemne:

Polyfon tok i 2023 initiativ til etablering av eit nytt nasjonalt nettverk for rekruttering og mangfald i norsk musikkterapi. Ca. 50 ressurspersonar frå Kristiansand i sør til Tromsø i nord har gått saman om å styrke rekrutteringa til faget, både med tanke på geografisk spreiing og mangfald. I løpet av 2024 har dette nettverksarbeidet tatt form.

Polyfons nettside er utvikla vidare i 2024, med vekt på styrking og oppdatering av faglege ressurssider. I løpet av året har vi m.a. fått lagt ut:

- Ein ny oversikt over praksisnære Rapportar om musikkterapi utarbeidde av klyngedeltakarane
- Ein ny rettleiar for brukarmedverknad, m.a. med råd frå Polyfons Erfaringspanel
- Oppdatering av to av Polyfons kunnskapsbeskrivingar (for tenestene, brukarar og ålmenta), nemleg tekstane om Musikkterapi og barn og unges oppvekst og om Musikkterapi i rusfeltet
- Oppdatering av Polyfons lenkesamling (med lenker til «alt» du måtte ønskje å vite om fagfeltet)

Bulletengen Polyfon-nytt kom i 2024 ut med 9 nummer. Tidlegare år har vi gitt ut mellom 4 og 7 nummer. Bulletengen formidlar stort og smått av nyhende frå samarbeidet i klynga.

Polyfons Facebook-side hadde høg aktivitet også i 2024, med nye innlegg dei fleste dagar. Ein eigen Instagram-konto for Polyfon er også etablert, men førebels mindre utvikla.




Podkasten Musikkterapodden vart etablert i 2020, med støtte frå kunnskapsklynga Polyfon, og har utvikla seg til ei viktig kjelde til informasjon om musikkterapi. Nye episodar i podkasten er komne til i 2024.

Som skissert i kap. 3, er Polyfon-konferansen ein årleg møte-plass for inspirasjon, kunnskapsfor-midling og erfaringsdeling. Polyfon-konferansen 2024 hadde temaet Kvifor musikk – i kvardag og klinikk og vart arrangert 7. november, i godt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Godt over 200 konferansedeltakarar deltok, og programmet var rikt og allsidig. Evalueringa av konferansen viser at det er mykje å byggje vidare på og ting å ta tak i.

Som i 2023 var det ein fagdag/forkonferanse dagen før og ulike arbeidsmøte dagen etter sjølve Polyfon-konferansen, med eigne konserttilbod begge kveldane mellom desse tre dagane. Eksempel: Dagen før hovudkonferansen vart det med støtte frå m.a. Polyfon arrangert ein Nasjonal inspirasjons-dag for musikkterapeutar i eldreomsorga. Initiativtakarar var musikk-terapeutane innan eldreomsorga i Bergen kommune og Øygarden kommune.

Konferansen har altså utvikla seg til ein liten festival, noko vi vil utvikle vidare når vi planlegg jubileumskonferansen i 2025.

## Indikatordata

Tal for aktuelle oppslag om musikkterapi i sosiale medium går fram av Figur 1.2.




*Figur 1.2: Tal følgjarar av Polyfon på sosiale medium.*

Polyfons Facebook-side er den største informasjonskanalen om musikkterapi i sosiale medium i Noreg. Sidan Facebook-sida vart etablert i 2017, har det vore ei jamt aukande interesse for innlegga som vert publiserte der. Som vi ser er aktiviteten langt i frå like god på Instagram, noko som truleg først og fremst skuldast at sekretariatet ikkje har hatt kapasitet til å vere like aktiv i begge kanalar.

Tal for aktuelle oppslag om musikkterapi på utvalde offentlege nettsider går fram av Figur 1.3, der vi presenterer tal oppslag på nettsidene til Bufdir, Helsedirektoratet, Stortinget og Folkehelseinstituttet. Gitt at mange musikkterapeutar arbeider i pedagogiske kontekstar, kunne vi her også hatt med data frå nettsida til Utdanningsdirektoratet, som har ansvaret for utviklinga av barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring. På Utdanningsdirektoratet si nettside finst likevel ikkje noko omtale av musikkterapi. Vi har difor enno ikkje etablert data frå denne nettsida som indikator.




*Figur 1.3: Tal oppslag om musikkterapi på utvalde offentlege nettsider.*

Bulletengen Polyfon-nytt kom i 2024 ut med 9 nummer, der «opplag» går fram av Figur 1.4.




*Figur 1.4: Tal personar som har registrert seg for å få bulletengen Polyfon-nytt tilsendt på e-post.*

## Vurderingar

Det viktigaste nye formidlingstiltaket som vart initiert i 2024 var innføringskurset En smakebit av musikkterapi, som det altså var god respons på.

Også i 2024, minner NRK-serien Demenskoret oss om kor viktig nasjonale medium som aviser, radio og TV kan vere. Elles ser vi m.a. at Polyfon-konferansen held fram med å vere ein viktig arena for formidling, og at deltaking på og konseptet for konferansen er i utvikling.

Når det gjeld sosiale medium, viser indikatordata (Figur 1.2) at det er aukande aktivitet, samstundes som det er eit forbetringspotensial, ikkje minst når det gjeld bruk av Instagram. For å utnytte potensialet i sosiale medium fullt ut, trengst det både meir kapasitet og kompetanse enn det klynga i dag har i sekretariatet.

Vi ser liten auke i aktiviteten når det gjeld oppslag på utvalde offentlege nettsider (Figur 1.3). Unntaket her er nettsida til Stortinget, der det var 5 nye saker med omtale av musikkterapi i 2024. Desse nye sakene omfattar tre ulike høyringsinnspel til Statsbudsjettet 2025 og to skriftlege spørsmål frå Anna Molberg (H) til helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre.

Det ser altså ser ut til å vere medvit blant politikarar og ulike offentlege organ om at musikkterapeutisk praksis og forsking har resultat å vise til. Det er likevel avgrensa vekst i den offentlege informasjonen som vert gjort tilgjengeleg, og det er også slik at Storting og regjering så langt ikkje har gått til konkrete vedtak når det gjeld musikkterapi. Det er difor framleis svært relevant å styrke arbeidet med å gjere musikkterapi meir synleg i samfunnet, der vi også må arbeide med profesjonalitet i møte med krevjande etiske og politiske tematikkar, inkludert prioriteringsdiskusjonar i tider der offentlege tilbod og tenester står under press.

Bulletengen Polyfon-nytt samlar opp nyhende i klynga over ein månadsperiode og er m.a. utvikla med tanke på lesarar som ønskjer ei samla og kortfatta presentasjon av aktiviteten i klynga. Bulletengen supplerer denne årsmeldinga som dokumentasjon av arbeidsåret, men vi ser likevel at talet personar som har registrert seg for å få bulletengen tilsendt er relativt lågt og vekts sakte.

Oppsummert: Vurderingane når det gjeld samfunnseffekten av Polyfons arbeid med informasjon er ikkje veldig ulike dei vi presenterte i 2023. Dette tyder på den eine sida på at klynga truleg gjer mykje godt informasjonsarbeid, men det er også ting som tyder på at det relevant å sjå på om og korleis Polyfons informasjonsarbeid kan utviklast og fornyast, sjå også kap. 5.



*Formidlingsaktivitet spring ut av og kan fremme tverrfagleg samarbeid. Kaja Elise Enge og Charlotte Johannesen jobbar begge i Barne- og familie-hjelpen i Bergen kommune, som høvesvis musikkterapeut og klinisk vernepleiar. Under Polyfon-konferansen 2024 presenterte dei erfaringane sine med tverrfagleg sam-arbeid. Foto: Privat.*

# 2 Praksisutvikling

Polyfon har alltid arbeidd med å støtte kommunar, helseføretak og andre som arbeider med å gjere musikkterapi tilgjengeleg for dei som treng det og ønskjer det. I aukande grad har klynga også arbeidd med å støtte utvikling av supplerande (folke)helserelaterte musikktilbod.

Målsetjinga for praksisutvikling, slik det er formulert i Polyfons strategi for 2024-2030, er: *2a. Musikkterapi er integrert i tenester og tilbod på ein systematisk måte. 2b. Musikk er tatt systematisk i bruk som folkehelseressurs.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2024, under overskriftene *Klyngeaktivitet*, *Indikatordata* og *Vurderingar*.

## Klyngeaktivitet

Musikkterapi er enno relativt nytt i tenestene og mange av klyngedeltakarane er framleis i ein fase der det å byggje opp fleire musikkterapistillingar er ein føresetnad for meiningsfullt arbeid med kvalitet i tenester og tilbod. Nokre få kommunar og helseføretak har byrja å byggje opp musikkterapeutstillingar systematisk. Andre stader har ein knapt nok byrja å vurdere dette. Polyfon arbeider for at systematikken skal spreie seg og har i 2024 m.a. bygd opp ei ny infoside med tips og råd om praksisutvikling.

Nokre av initiativa hjå klyngedeltakarane i 2024 for oppbygging av nye musikkterapitilbod var:

- Vestland fylkeskommune har starta eit toårig prosjekt der ein skal skaffe meir kompetanse på bruk av musikkterapi i vidaregåande opplæring. Prosjektet vert knytt til tre utvalde skular i Bergen. I 2024 vart det tilsett musikkterapeut i ei 100 % prosjektstilling knytt til prosjektet. Musikkterapeuten skal gjennomføre musikkterapi ved dei tre skulane og jobbe tett med ei prosjektgruppe som er etablert.
- CREMAH Centre for Research in Music and Health ved Noregs musikkhøgskole har forhandla fram ein avtale med Oslo kommune, for etablering og evaluering av 5 nye demenskor i ulike bydelar i Oslo.

Nyutvikling av tilbod innanfor eksisterande stillingar:

- Bergen kommune og Solli DPS har gått saman om å utvikle Tonetrinn, eit nytt musikkterapitilbod for personar med oppfølging frå FACT-teamet, psykosepoliklinikken og døgnavdelingane ved Solli DPS. Dette er realisert som eit samarbeid mellom Solli og det kommunale Aktivitetssenteret Bergen Sør.
- Eit korprosjekt ved Knarvik vidaregåande skule supplerer Vestland fylkeskommunes toårige prosjekt om bruk av musikkterapi i vidaregåande opplæring (sjå over). Prosjektet er utvikla som eit samarbeid mellom musikkterapeut og lærarar ved skulen og musikkterapistudentar frå Griegakademiet.
- Ved Haukeland universitetssjukehus er det bygd opp nye musikkrom i dei nye Glasblokkene, noko som har opna for tettare samarbeid mellom musikkterapeutane ved Klinikk Psykisk helsevern barn og unge og ved Barne- og ungdomsklinikken og ei prosjektstilling knytt til barnepalliasjon.
- Haukeland universitetssjukehus har, m.a. med støtte frå Polyfon, starta ein pilot for utvikling og evaluering av eit kor for tilsette i dei nye Glasblokkene. Initiativet byggjer m.a. på positive erfaringar med å delta i eit internasjonalt «scrub choir»-prosjekt og på inspirasjon frå ein WHO-konferanse i Genève om den psykiske helsa til helsearbeidarar.



*Kvardagen til musikkterapeut Merethe Wolf Lindvall ved Barne- og ungdomsklinikken ved Haukeland universitetssjukehus er i hovudsak fokusert på barns behov. Med støtte frå Polyfon, vart dette i 2024 supplert med arbeid med eit kor for sjukehustilsette, med mål om betre helse og trivsel. Foto: Helse Bergen.*

Praksisutvikling hjå klyngedeltakarane omfattar med andre ord både behandlingsorientert musikkterapi i helsevesenet og musikkterapi som lågterskeltilbod og psykososial ressurs i ulike kontekstar.



*Nettverk og møteplassar er viktige i arbeid med praksisutvikling. Bildet er frå eit fagseminar om musikkterapi i psykisk helsevern og TSB, i samband med Polyfon-konferansen 2024. Seminaret samla musikkterapeutar frå, Helse Fonna, Helse Bergen, Helse Førde, Kirkens Bymisjon Innlandet, Solli DPS, St. Olavs Hospital, Sykehuset Telemark og Voss DPS. Foto: privat.*

## Indikatordata

Som tidlegare år, har Polyfon for 2024 søkt Norsk pasientregister (NPR) om opplysningar om spesialisthelsetenesta sin bruk av prosedyrekodar for musikkterapi, sjå Figur 2.1.




*Figur 2.1: Tal pasientar i spesialisthelsetenesta i perioden 2017-2024, fordelt mellom dei fire helseregionane i Noreg. Kjelde: Norsk pasientregister (NPR). Analysar og vurderingar står for Polyfon si rekning.*

Prosedyrekoden «IBBE00» finst i NPR-data frå og med 2016, medan Figur 2.1 viser resultata for dei 8 siste åra. Frå og med 2019 gjeld prosedyrekode «IBBE10» for individuell musikkterapi og frå og med 2020 også prosedyrekode «IBBE20» for gruppebehandling gjennom musikkterapi. Kodane er som tidlegare år brukt for sektorane somatikk, tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og psykisk helsevern for vaksne. Frå og med 2022 føreligg det også data for rehabilitering, men koden har så langt vore svært lite brukt på dette feltet.

Som figuren viser, har det både i Helse Sør-Øst og i Helse Vest har det vore ein klar vekst i tilbod sidan 2017, men det er ein tendens til at veksten dei siste åra har flata av. I Helse Midt og Helse Nord er prosedyrekodane brukte svært lite, men det har vore ein liten vekst i Helse Midt samanlikna med situasjonen i 2017.

Det må takast høgde for feilmarginar i tala, då det kan vere tilbod som ikkje vert registrerte med rett kode. Kanskje slår dette meir ut der musikkterapi er minst etablert, altså i Midt-Noreg og Nord-Noreg. Elles må vi sjølvsagt justere for folketal i kvar region. Dersom musikkterapi var like tilgjengeleg i alle regionar, skulle t.d. Helse Sør-Øst si søyle vere tre gonger så høg som Helse Vest si, medan ho altså er lågare.

## Vurderingar

Som påpeika og vurdert i fleire tidlegare årsmeldingar: Skilnaden mellom tilboda i Helse Sør-Øst og Helse Vest på den eine sida og Helse Midt og Helse Nord på den andre, tyder på at det å ha musikkterapiutdanning i ein region fremmer implementering. Vi ser elles at utviklinga har gått raskare i Helseregion Vest enn i nokon annan region. Denne regionen er førebels den einaste der det meste av spesialisthelsetenesta deltek i Polyfon-samarbeidet. Dette tyder difor på at det systematiske samarbeidet i Polyfon styrker og held ved like effekten av å ha musikkterapiutdanning i eigen region og bidreg til at fleire av dei som ønskjer og treng det får tilgang til musikkterapi. Kort sagt: Klynga bidrar til samskaping av tilbod og tenester.

Erfaringane peikar i retning av at det er ei viktig oppgåve å prøve å spreie klyngas arbeidsmåtar til fleire regionar i landet, der ein på same vis som i vest kan få eit konstruktivt samspel mellom akademia, helseføretak og kommunesektoren. Dette er presisert i klyngas strategi og handlingsplan, som begge vart vedtekne i 2024. Som det går fram av kap. 5 om utvikling av klyngesamarbeidet, har Polyfons styringsgruppe også byrja eit arbeid med å konkretisere ulike strategiar for å styrke nasjonal implementering av musikkterapi.

Vi ser elles at veksten i nye musikkterapitilbod i spesialisthelsetenesta har flata av dei siste åra, i alle regionar. Vi har ikkje data som kan underbyggje refleksjonar om kva årsakene til det kan vere, men ein kan t.d. tenkje seg at faktorar som økonomi, kjennskap til faget og tilgangen på musikkterapeutar i ulike regionar kan spele inn. Uansett årsaker også dette at det vil vere relevant for Polyfon dei komande åra å utvikle tiltak som kan bidra til å styrke nasjonal implementering av musikkterapi. Det er sannsynleg at styrkt myndigheitskontakt vil og bør vere ein del av ein slik prosess.

Vurderingane gitt over gjeld altså spesialisthelsetenesta. Dokumentasjon av omfanget av musikkterapitilbod i kommunal sektor finst førebels ikkje. Ut i frå den dialogen kunnskapsklynga har med aktørar frå kommunesektoren, antar vi at mønsteret her ikkje er heilt ulikt det ein ser for spesialisthelsetenesta. Det er vekst og utvikling i tilbod, men det er store skilnader mellom ulike geografiske regionar.



*Musikkterapistudentane er ressurspersonar også i utvikling av praksisfeltet. Her ser vi studenten Katja Moger i samspel med Alice frå [Kom Nærmere](#) Bergen. Bildet er frå Polyfon-konserten 2024. Foto: Julie Amalien Simon.*

# 3 Forsking

Slik det er formulert i Polyfons strategi for 2024-2030, er målsetjinga for klyngas arbeid med å støtte og stimulere forsking at: *Forsking om musikkterapi og andre helserelaterte musikkpraksisar er praksisnær og samfunnsrelevant og av internasjonal standard.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2024, under overskriftene *Klyngeaktivitet*, *Indikatordata* og *Vurderingar*.

## Klyngeaktivitet

Kunnskapsklynga bidreg til nye forskingsinitiativ, nye samarbeid og ikkje minst til meir praksisnær og brukar-involvert forsking. I 2024 utarbeidde vi ei oversikt over Polyfons tildelingar til ulike forskingsprosjekt sidan starten i 2015, der det også kjem fram kva resultat dette har gitt, i form av publikasjonar og nye prosjekt og initiativ. Denne oversikta vil verte oppdatert regelmessig.

Effekten av klyngas arbeid med å støtte og stimulere forskingsinitiativ er avhengig av klyngedeltakarane sin bruk av Polyfons reiskapar og ordningar. Det skjer såpass mykje i klynga at vi har vorte oppmoda om å lage eit oversyn over korleis ein kan bruke Polyfon. Vi har i 2024 laga eit årshjul og ei nettside som gjev deg informasjon om korleis bruke klynga, sjå også figur 3.1 (merk at figuren på nettsida vert oppdatert, dersom det vert endringar i søknadsfristane frå eitt år til eit anna).




*Figur 3.1: Årshjul med oversikt over søknadsfristane til Polyfons utlysing av midlar til formidlingsstøtte, forskingsstøtte og sommarstipend for studentar.*

Målformuleringa, sitert over, presiserer at Polyfon arbeider for at forskinga på feltet både skal vere praksisnær, samfunnsrelevant *og* av internasjonal standard. Bak dette ligg ei vurdering av at det praksisnære og samfunnsrelevante ikkje er ein motsetnad til forsking av høg internasjonal standard, men til dels ein føresetnad for dette, noko som m.a. viser seg ved at NFR og EU i stadig større grad legg vekt på brukar- og pårørandemedverknad i si evaluering av prosjektsøknader. Når dette er sagt, vil det vere slik at Polyfon støtter mange prosjekt som ikkje nødvendigvis fører til publikasjonar i dei mest sentrale internasjonale tidsskrifta. Dette kan likevel vere viktige prosjekt og vi har i løpet av 2024 utarbeidd ei ny oversikt over praksisnære Rapportar om musikkterapi som er utarbeidde av fagmiljøa i klynga.

Samstundes er det altså slik at brukar- og pårørandemedverknad, det praksisnære og det samfunnsrelevante kan vere avgjerande også for store internasjonale prosjekt. Eitt eksempel i 2024 er EU-tildelinga GAMUT og NORCE fekk på godt over kr 100 millionar til gjennomføring av prosjektet: Fighting Addictions, improving Lives: COmprehensive drug rehabilitation with music (FALCO). Dette er det klart største prosjektet internasjonalt nokon gong når det gjeld musikkterapi og rusbehandling. Teamet bak prosjektet fekk Polyfon-støtte til utvikling av forskingsprotokollen og har brukt Polyfon aktivt både i utvikling av idé og konsept, i kontaktetablering med tenestene og ikkje minst i utvikling av prosjektet si arbeidspakke for brukar-medverknad, der Polyfons Erfaringspanel har vore aktivt involvert med råd og innspel.



*NORCE har bygd opp ei svært viktig forskingsgruppe innan musikkterapi, ikkje minst når det gjeld effektforsking. Bildet er frå eit besøk GAMUT (UiB & NORCE) fekk i 2024 frå NORCE sin nye konsernsjef, Camilla Stoltenberg. Foto: Privat.*

Polyfon lyser altså ut midlar til forskingsstøtte to gonger i året. Dette er utlysingar alle deltakarane kan søkje på. Følgjande forskingsprosjekt fekk støtte frå Polyfon i 2024:

Våren 2024:

- Maren Metell (UiB, Griegakademiet) fekk kr 26.000 til prosjektet «Engasjement av en medforsker fra netverket for inkluderende forskning for IMAGINE prosjektet».
- Toda Söderström Gaden (Bergen kommune) fekk kr 90.000 til prosjektet «Samskaping av Skranglefest: Et aksjonsforskningsprosjekt om brukermedvirkning».
- Kristi Stedje (Noregs musikkhøgskole) fekk kr 65.000 til prosjektet «En forstudie til studien DEMUSnakk: Sang og musikk for bedring av språk hos personer med demens».
- Lars Tuastad (UiB, Griegakademiet) fekk kr 64.000 til prosjektet «Brukarmedverknad i forskingsprosjektet FALCO».

Hausten 2024:

- Merethe W. Lindvall (Helse Bergen) fekk kr 20.000 til prosjektet «Ansattkor for bedre ansatthelse».

Vidare har klynga delt ut midlar til følgjande sommarstipend for musikkterapistudentar i 2024:

- Mats Jøger (UiB) fekk eit sommarstipend på kr 40 000 til prosjektet «Samskaping av skranglefest». Rettleiar: førsteamanuensis Lars Tuastad.

- Frida Sannerud (UiB) fekk eit sommarstipend på kr 40.000 til arbeid på prosjekta «Music for Autism» (M4A) og «Memory for Music» (M4M). Rettleiar: professor Christian Gold.

På slutten av 2024 vart det klart at GC Rieber Fondene gir Polyfon kr 240.000 i støtte i 2025, til etablering av seks tverrfaglege sommarstipend for studentar med prosjektidear innan musikkterapi / musikk og helse. Dette gjev heilt nye mogelegheiter for tverrfagleg samarbeid om utvikling av forskingsprosjekt. Kva kan studentar i fag som filosofi, jus, psykologi, medisin, sjukepleie, matematikk, informasjonsvitskap og -design bidra med av nye idear og perspektiv i utvikling av dette feltet? Det er elles ekstra hyggeleg at denne tildelinga kjem frå akkurat GC Rieber Fondene, då desse fonda også spelte ei avgjerande rolle i Polyfons startfase frå 2015-2017.

Sommarstipend for studentar er med på å motivere og kvalifisere masterstudentar for framtidig forsking. Den formaliserte forskarutdanninga skjer gjennom doktorgradsprogramma ved universitet og vitskaplege høgskular. Blant klyngedeltakarane var det 4 disputasar for forsvar av nye doktoravhandlingar innan musikkterapi / musikk og helse i 2024. Dette er avhandlingar som er med på å byggje opp framtidig forskings-kompetanse både i tenestene og i dei akademiske institusjonane i klynga:

- 11. august, disputerte Kaja Elise Enge ved Griegakademiet (UiB) på avhandlinga «Being with friends and having fun!» (eit prosjekt som set fokus på korleis musikkterapi som ein del av skuledagen kan vere ei støtte for barn med fluktbakgrunn)
- 22. august, disputerte Frode Aass Kristiansen ved Griegakademiet (UiB) på ei avhandling om «Musikkterapiens muligheter og begrensninger i møte med agitasjon hos personer med demens».
- 28. august disputerte Jelena Golubovic ved Noregs musikkhøgskole på avhandlinga «Music interventions for delirium in older adults».
- 4. desember disputerte Ingelill Eide ved Norges musikkhøgskole på ei avhandling om «Legitimering og institusjonalisering av musikkterapi i norske organisasjonskontekster».



*Ein av dei fire doktorgrads-kandidatane hjå klyngedel-takarane som disputerte i 2024 var Frode Aass Kristiansen, ved Grieg-akademiet (UiB). Han disputerte på ei avhandling som vart utvikla i tett samspel med tenestene innan eldreomsorg i Bergen kommune. Foto: Jonas Johannesen Eian.*

I tillegg til konkrete tiltak som utlysing av forskingsstøtte og sommarstipend, arbeider klynga altså også med å styrke forsking gjennom meir prosessorienterte tilnærmingar som forskingsrelaterte webinar / seminar, kontaktformidling, rådgjeving om prosjektutforming, osb. Verdien av å styrke brukarmedverknad i forsking er understreka i klyngas retningslinjer for forskingsstøtte, og Polyfon bidreg dessutan til styrkt samhandling mellom akademia og tenester.

## Indikatordata

Indikatordata omfattar her søknadssummar, tildelingar og publikasjonar.

Søknadsaktivitet og tildelingar sidan 2015 for Polyfons utlysingar av midlar til forskingsstøtte kjem fram av Figur 3.2. Søknader er vurderte av ein ekstern komité med erfarne forskarar med professorkompetanse.







*Figur 3.2: Søknadsaktivitet og tildelingar til Polyfons prosjektmidlar (såkornmidlar) 2015-2024.*

I tillegg til forskingsstøtte, der det vert lyst ut midlar to gonger i året, lyser Polyfon ut sommarstipend for musikkterapistudentar, med søknadsfrist 1. februar. Også desse søknadene vert vurderte av ein ekstern komité med erfarne forskarar med professorkompetanse. Søknadsmengda og tildelingsnivået har variert noko frå år til anna. Søknadsaktivitet og tildelingar sidan 2015 går fram av Figur 3.3:







*Figur 3.3: Søknadsaktivitet og tildelingar til Polyfons sommarstipend for studentar 2015-2024.*

Forskingsstøtte og tildelingar av sommarstipend bidreg til publikasjonar både direkte og indirekte, ved at det kjem publikasjonar ut av dei prosjekta som får støtte og ved at desse prosjekta ofte bidreg til realisering av større forskingsprosjekt som genererer nye publikasjonar. Figur 3.4 gjev oversikt over klyngerelaterte publikasjonar dei siste åra:




*Figur 3.4: Tal unike vitskaplege publikasjonar i klyngesamarbeidet i 2019-2024.*

## Vurderingar

Polyfon er ein aktiv medspelar i arbeidet med å byggje føresetnader for utvikling av musikkterapi / musikk og helse som forskingsfelt, m.a. ved å finansiere pilotstudiar og praksisnære prosjekt som byggjer forskingskultur og legg grunnlag for større eksterne prosjektsøknader; ved å bygge relasjonar mellom forskingsmiljøa og praksisfeltet; ved å bidra med kompetanse, panel og nettverk for brukar- og pårørandemedverknad og ved å bidra til å kople ulike fagfelt, praksisar og organisasjonar, når dette er ønskjeleg.

Når det gjeld dei midlane Polyfon lyser ut til forskingsstøtte, har utviklinga sidan 2020 vore at søknadssummar har gått markant opp, medan denne trenden diverre vart snudd i 2024. Søknadsmengda var dette året attende på eit nivå nærare det ein hadde i 2019. For 2024 var det snakk om ein samla søknadssum på kr 287.350 og ei samla tildeling på kr 265.000, medan det var budsjettert ei samla tildeling på kr 450.000. Dette er noko ein må sjå nærare på i 2024. Det kan vere tidsavgrensa omstende uavhengig av klynga som har gjort dette, eller det kan reflektere at arbeidsmåtane for å stimulere denne type søknader bør fornyast. Som det går fram av kap. 5, vil eit prioritert tiltak i 2025 vere å styrke kontaktflata mellom ulike aktørar involvert i forsking, gjennom å arrangere eit *seminar for styrking av dialogen mellom studentar, forskarar, praktikarar og erfaringsrepresentantar.*

Søknadsmengda og tildelingar til sommarstipend for musikkterapistudentar har variert mykje frå år til anna. Stipenda er for tida på kr 40.000, der det i 2024 vart søkt om og tildelt to heile stipend, til saman kr 80.000. Det var budsjettert med ei samla tildeling på kr 120.000. Sommarstipenda er knytte til andre prosjekt og/eller bidreg aktivt til fag- og prosjektutvikling på andre måtar. At det enkelte år er få søknader om stipend kan vere «naturleg», ved at det varierer frå kull til kull kor stor forskingsinteressa er blant studentane. Samstundes: Sommarstipenda bidreg aktivt til å byggje forskingsinteresse og -kompetanse, så det er grunnar til å sjå nærare på om informasjonsarbeidet og samarbeidet med studentane om førebuing av sommarstipendsøknader kan forbetrast, jf. også det 2025-tiltaket som er beskrive i avsnittet over.

I årsmeldingane for 2022 og 2023 peikte vi på at ikkje alle klyngedeltakarane brukar Polyfons utlysingar av midlar til forskingsstøtte like aktivt. Det gjeld framleis. For å sikre god, praksisnær og brukarorientert kunnskapsutvikling, vil det vere ønskjeleg å auke forskingsaktiviteten i tenestene og praksisfeltet ytterlegare. Også med tanke på dette vil det 2025-tiltaket som er beskrive over vere relevant.

Når vi ser på indikatordata for publisering, ser vi at nivået har vore stabilt dei siste tre åra, med nokre svingingar. Klyngedeltakarane produserer mykje samfunnsrelevant kunnskap om feltet. Publikasjonslista i vedlegg 3 viser i tillegg at heile 8 av 12 klyngedeltakarar har vore aktive med publisering av vitskaplege artiklar i 2024. Går vi nokre år tilbake, var berre to-tre klyngedeltakar aktive med vitskapleg publisering innan fagområdet, så dette er ein positiv tendens (i 2023 var det publikasjonar frå 7 klyngedeltakarar).




*Hans Petter Paulen Solli (Noregs musikk-høgskole) og Marie Strand Skånland (Ansgar høyskole) forskar begge på musikkterapi i FACT-team. Her frå eit seminar om musikkterapi og FACT ved Noregs musikkhøgskole i november 2024. Foto: privat.*

# 4 Utdanning

Slik det er formulert i Polyfons strategi for 2024-2030, er målsetjingane for klyngas arbeid med å støtte og stimulere utdanning og kompetanse at: *4a.Utdanningane i musikkterapi er relevante, av høg kvalitet og av tilstrekkeleg omfang. b. Emne og/eller kurs om musikkterapi / musikk og helse er integrerte i aktuelle utdanningar.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2024, under overskriftene *Klyngeaktivitet*, *Indikatordata* og *Vurderingar*.

## Klyngeaktivitet

Polyfons arbeid med å bidra til grunnlaget for solide utdanningstilbod i musikkterapi / musikk og helse omfattar både grunnutdanning og etter- og vidareutdanning.

Polyfon er med på å byggje samarbeid mellom dei to norske musikkterapiutdanningane, sjølv om det i 2024 ikkje har vore møteaktivitet i Ressursgruppa med representantar frå begge fagmiljø. Det skuldast kapasitetsutfordringar i sekretariatet. I 2023 tok Polyfon initiativ til etablering av eit nasjonalt nettverk, for rekruttering og mangfald. Nettverket kom i gong i 2024 og skal styrke mangfald i rekrutteringa til begge dei to norske musikkterapiutdanningane og også bidra til rekruttering til musikkterapeutstillingar i heile landet.

Den årlege Polyfon-konferansen er ein viktig etter- og vidareutdanningsarena, sjå kap. 1. Konferansen i 2024 var godkjend av Psykologforeningen som etter-/vidareutdanning og som vedlikehaldskurs for spesialistar.

Konferansen er også ein arena der relevans-dimensjonen av målsetjing 4a ofte kjem på agendaen. Under 2024-konferansen skjedde det m.a. under rundebordsdiskusjonen Kvifor treng vi prosedyrar for musikkterapi i spesialisthelsetenesta? Her deltok musikkterapeutar og leiarar frå Helse Bergen, Helse Fonna, Betanien DPS og NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus, ved sida av ein representant frå brukarorganisasjonen RIO og fagpersonar knytt til musikkterapistudiet ved Griegakademiet (UiB). Initiativet kom frå Helse Fonna, der ein det siste året har gjennomført eit utviklingsarbeid for formalisering av prosedyrar for musikkterapeutar i psykisk helsevern. I grunngjevinga for dette viser helseføretaket m.a. til at det dei siste åra har vore ei stor endring for alle helsepersonellgrupper når det gjeld krav knytt til dokumentasjon og trygg pasientbehandling. Diskusjonen handla om spørsmål som også har høg relevans for vidare utvikling av grunnutdanningane i musikkterapi ved UiB og Norges musikkhøgskole: Korleis skal musikkterapeutar i åra framover jobbe innan den ramma som spesialisthelsetenesta er? Kva treng vi av rammeverk for å sikre pasientane våre god og trygg behandling som samsvarer med våre eigne yrkesetiske retningslinjer og Helsedirektoratet sine retningslinjer for behandling? Kan prosedyrar hemme det kreative og fleksible arbeidet som musikkterapi er?



*Georg Walter Reinhardt, psykiater og avdelingsleiar for BUP Haugesund, under opnings-innlegget for Polyfon-konferansen 2024 sin rundebords-diskusjon om prosedyrar for musikkterapeutar i spesialisthelsetenesta. Foto: Julie Amalien Simon.*

Med tanke på delmålsetjing 4b, er arbeidsgruppa for tverrfagleg samarbeid om profesjonsutdanning ein reiskap. Gruppa heldt fram arbeidet sitt i 2024, der Hans Mark Svedal (Høgskulen på Vestlandet) har tatt over leiinga av gruppa etter Monika Overå (Noregs musikkhøgskole). Musikk og folkehelse i sjukepleieutdanninga og musikk i aktivitetsfaget i barnevernsutdanninga har vore to av temaa som gruppa har arbeidd med.

## Indikatordata

Som indikatorar for delmål 4a, går studieplassar, søkjartal,  registrerte og uteksaminerte kandidatar ved dei to norske musikkterapiutdanningane fram av Figurane 4.1 og 4.2.

Figur 4.1 viser tala for UiB sidan 2020. Som vi ser, er tala relativt stabile, men vi ser at det frå 2020 til 2024 har vore ein liten nedgang i tal søkjarar, både når det gjeld søkjartal totalt og tal primærsøkjarar. Tal registrerte studentar gjeld ved studiestart.




*Figur 4.1: Søkjartal og studieaktivitet for UiB i perioden 2020-2024, for femårig integrert masterprogram i musikkterapi. Talet på studieplassar gjeld opptak av nytt kull.*

Figur 4.2 på neste side viser søkjartal for Noregs musikkhøgskole, som har ein annan studiemodell enn UiB. Medan UiBs utdanning er eit femårig integrert masterprogram (med søknad til samordna opptak), er Oslo-studiet ei toårig masterutdanning, der grunnlaget for å søkje masterstudiet er ein relevant bachelorgrad og ei årseining i musikk og helse. Polyfon har samla inn data for NMH sidan 2021. Figuren gjev først tala for årseininga i musikk og helse, dernest for masterstudiet. For samanlikninga si skuld, slår vi saman tala for deltid og heiltid når det gjeld uteksaminerte kandidatar.







*Figur 4.2: Søkjartal og studieaktivitet for NMH i perioden 2021-2024, for årseining i musikk og helse og for toårig master i musikkterapi. Talet på studieplassar gjeld opptak av nytt kull.*

Tabell 4.1 viser tal for nasjonal utdanningskapasitet i musikkterapi. Tala varierer ein del frå år til år, både av di gjennomstrøyminga i studiet varierer og av di NMH har opptak på deltid annakvart år (oddetalsår). Vi har difor rekna ut snittet for dei fire siste åra.

| Nasjonal utd.kapasitet MT master | Snitt 2021-24 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|---|
| Studieplassar | **37** | 44 | 34 | 46 | 24 |
| Uteksaminerte kandidatar | **20.75** | 18 | 21 | 19 | 25 |

*Tabell 4.1: Nasjonale tal for studieplassar og uteksaminerte musikkterapeutar (masterkandidatar i musikkterapi), der tala frå UiB og NMH (heiltid og deltid) er summerte. Nedgangen i studieplassar i 2024 speglar m.a. at tildelinga av mellombelse studieplassar under koronakrisa vart fasa ut frå og med 2023.*

## Vurderingar

Søkjartala er relativt stabile begge studiestadar. Som det går fram av Tabell 4.1 har det i Noreg vore utdanna ca. 21 kandidatar i snitt i musikkterapi i perioden 2021-2024. Det er eit særs lågt tal, dersom ein ser det i samanheng med behovet for musikkterapeutar i det norske samfunnet. Ein skal ikkje langt ut av Oslo eller Bergen før ein ser at helseføretak og kommunar kan ha store utfordringar med å rekruttere musikkterapeutar. Polyfon vert ofte kontakta i slike tilfelle, og arbeider då med å synleggjere stillingar, motivere avgangsstudentar, osb. Like fullt har vi fleire eksempel på at stillingar vert ståande vakante og til slutt vert omdisponerte til andre føremål. Det må difor vere eit mål å auke den nasjonale utdanningskapasiteten i faget. Det har rett nok for same periode i snitt vore opptak til 37 studieplassar, så å auke gjennomstrøyminga i utdanningane vil også vere viktig. Etter det vi kjenner til, er det noko utdanningane arbeider med.

Når ein tar omsyn til at ikkje alle som tar utdanning blir i ein profesjon og at musikkterapifeltet no også i aukande grad får kull med pensjonistar (dei to norske utdanningane vart etablerte i 1978 og 1988), synest det likevel klart at det er behov for å auke tal studieplassar nasjonalt i åra framover. Dette vil likevel vere vanskeleg for utdanningsinstitusjonane å arbeide med før rekrutteringa til dei to eksisterande utdanningane vert styrkt. Sjølv om fagfeltet og klyngeaktiviteten er i god utvikling både når det gjeld formidling (kap. 1), praksisutvikling (kap. 2) og forsking (kap. 3), ser vi altså ikkje at rekrutteringa til dei to norske musikkterapeututdanningane har styrkt seg dei siste åra.

Gitt Polyfons målsetjing om likeverdige tilbod i heile landet, er det grunnar til å ta tak i denne tematikken. Dette er noko av bakgrunnen for at klynga i 2023 tok initiativ til etablering av eit nasjonalt rekrutteringsnettverk. Nettverket har hatt fire digitale arbeidsmøte i 2024. Arbeidsforma er erfaringsdeling, diskusjon og utarbeiding av ressursar som kan delast, slik at ein kan støtte og stimulere lokalt og regionalt rekrutteringsarbeid rundt i heile landet. Vi har tru på verdien av eit slikt nettverk, medan vi enno ikkje har data som kan seie noko om mogeleg samfunnseffekt av denne arbeidsmåten.

Som det går fram av avsnittet om Klyngeaktivitet over, arbeider Polyfon også med fleire andre tematikkar knytt til utdanning enn det som kjem fram av dei indikatordataa som er presenterte. Det gjeld t.d. utvikling av faglege kontaktflater mellom utdanning, praksis og erfaringskompetanse. Rundebordsdiskusjonen vi viser til tidlegare i dette kapittelet illustrerer dette på ein god måte. Komande år vil det vere relevant å sjå på om det er mogeleg å utvikle større systematikk i erfaringsutveksling mellom praksisfeltet og utdanningane.

Arbeidet med delmål 4b, som fokuserer på utdanning i musikk og helse utover sjølve musikkterapifaget, er også viktig, og er forankra i ei eiga arbeidsgruppe med representantar frå ulike fag og utdanningar ved Høgskulen på Vestlandet, ved sida av representantar frå Vestland fylkeskommune, Griegakademiet (UiB) og Noregs musikkhøgskole.

# 5 Utvikling av klyngesamarbeidet

Som kunnskapsklynge er Polyfon ein reiskap for å byggje fagleg aktivitet og kvalitet, gjennom samarbeid og samskaping mellom aktørar med ulike samfunnsoppdrag, føresetnader og kompetansar. Slik samskaping føreset organ for samhandling og får verdi i ein dynamikk der både samfunns- og kunnskapsbehov speler inn.

## Nye klyngedeltakarar

Då Polyfon etter to prosjektperiodar med fokus på Vestlands-regionen vart etablert som ein fast, nasjonal samarbeidsstruktur i 2022, vart det opna for rekruttering frå ulike delar av landet. Det har førebels ikkje vore arbeidd systematisk med nasjonal rekruttering, då klynga i 2023 og 2024 har fokusert på utvikling av strategi og handlingsplan. I 2024 er klyngesamarbeidet likevel utvida med to nye klyngedeltakarar:

- Frå 30. januar 2024 er Haugesund kommune ny deltakar i Polyfon. Det er Kulturskolen, ved rektor Camilla Rødsrud Schøyen, som blir kommunens hovudkontakt inn i klyngesamarbeidet. Frå før er Helse Fonna også klyngedeltakar, så Haugesund kommunes nye satsing på musikkterapi / musikk og helse vil kunne bidra til styrkt regionalt samarbeid og samordning.
- Frå 1. mars 2024 er Lillestrøm kommune ny deltakar i Polyfon. Avdelingsleiar innan kommunalområdet Helsetenester til vaksne, Anne Kristin Stretre, beskriv bakgrunnen for kommunens deltaking i Polyfon slik: «Lillestrøm kommune har fokus på tjenesteutvikling og vi må jobbe på en annen måte med nye virkemidler for å møte morgendagens utfordringer i helsesektoren».

## Klyngas samarbeidsorgan

Dei grunnleggjande rammene for klyngesamarbeidet er definerte av Klyngeavtalen. Vi vil her kort skissere samarbeidsorgana i klynga. Når vi tar dette med i årsmeldinga for 2024, er det fordi utviklingsarbeidet dette året (sjå nedanfor) har vore med på å klargjere dei ulike rollene.

Relasjonar i ei klynge som Polyfon er ulike dei hierarkiske relasjonar ein gjerne finn i ein organisasjon. Deltakarane er likeverdige og sjølvstendige aktørar, og samarbeidet føreset ei felles forståing av gjensidig avhengigheit for å nå eigne og felles mål. Samfunnskontekst, lover og retningslinjer påverkar samarbeidet i stor grad. Eit vanleg organisasjonskart kan difor ikkje teiknast for Polyfon, men fellesskapet, styringsgruppas klyngeregulerande funksjon og dei rådgjevande og utøvande funksjonane i klynga er antyda i Figur 5.1:




*Figur 5.1: Ei kunnskapsklynge som Polyfon legg til rette for samarbeid mellom likeverdige og sjølvstendige aktørar.*

Klyngeregulerande funksjon og dei rådgjevande og utøvande funksjonane i Polyfon er altså tatt i vare av ulike samarbeidsorgan i klynga:

Styringsgruppa er klyngas øvste organ, skal arbeide strategisk og sikre retning og rammevilkår for samarbeidet i klynga.

Fagrådet og Erfaringspanelet er dei to viktigaste rådgjevande organa i klynga og gjev innspel til sekretariat og styringsgruppe, og på førespurnad også dei enkelte klyngedeltakarane.

Arbeidsgruppene er dels knytt til ulike praksisfelt, dels til tverrfaglege samarbeid. I 2024 har berre ei arbeidsgruppe for praksisfelt vore i aktivitet. Gruppene har både ein rådgjevande og ein utøvande funksjon. Dei er nærare praksisfelta, forskingsmiljøa og utdanningane enn det klyngas styrande og rådgjevande organ er, og kan frå ein slik posisjon gje relevante innspel til sekretariat og styringsgruppe, bidra til at klyngesamarbeidet blir forankra hjå dei ulike klyngedeltakarane og til at prosjekt og fagleg utviklingsarbeid blir initiert og realisert.

Sekretariatet er eit utøvande organ for klyngesamarbeidet og arbeider med å leggje til rette for fagleg samarbeid og utvikling i klynga og med å realisere dei målsetjingane og tiltaka styringsgruppa vedtek.



*Erfaringspanelet har ein viktig rådgjevande funksjon i klyngesamarbeidet. Her ser vi ein av panelet sine medlemmar, Kenneth Dybdahl, i eit musikkinnslag under Polyfon-konferansen 2024. Foto: Julie Amalien Simon.*

## Utviklingsarbeid i 2024

Overgangen frå Polyfons prosjekt- og interimsperiodar frå 2015-2021 og til fast samarbeid frå 2022 har skapt behov for å vidareutvikle dei dokumenta som regulerer klyngesamarbeidet. Endringar i rammer og samfunnskontekst speler sjølvsagt også inn. Styringsgruppa har difor i 2023 og 2024 lagt stor vekt på utviklingsarbeid knytt til avtalar og planar. Dei dokumenta det har vore arbeidd med i 2024 er:

- **Klyngeavtale:** Etter oppmoding frå styringsgruppa, har ein jurist ved UiBs Forskings- og innovasjonsavdeling arbeidd sidan våren 2024 med å utarbeide utkast til ny klyngeavtale. Den reviderte avtaleteksten vil m.a. ta høgde for at veksten i klynga gjer det ønskjeleg å gå frå ein modell der alle klyngedeltakarar sit i klyngas styringsgruppe til ein modell der eit årsmøte vert etablert som klyngas øvste organ. Ny klyngeavtale vil etter planen verte signert i 2025.
- **Strategi:** Arbeid med strategi for perioden 2024-2030 vart planlagd i 2022 og gjennomført i 2023. Etter revisjonar baserte på ein høyringsrunde tidleg i 2024, vart strategien vedtatt av styringsgruppa 20. mars 2024.
- **Handlingsplan:** Gjennom heile 2024 har klyngas ulike samarbeidsorgan arbeidd med å utvikle ein handlingsplan som konkretiserer tiltak som kan realisere dei målsetjingane som er skisserte i klyngas strategidokument. Handlingsplanen vart vedtatt 13. desember 2024 og vil verte rullert årleg.

- **Utviklingsplan for Erfaringspanelet:** I forlenginga av at det er utarbeidd ein ny strategi for klynga, har det vore arbeidd med ein eigen utviklingsplan for Erfaringspanelet. Eit utkast til ein slik utviklingsplan vart lagt fram for styringsgruppa i desember 2024 og planen vil verte fullført våren 2025.

## Risikovurderingar

I samband med klyngas arbeid med strategi og handlingsplan, vart risikovurderingar gjennomførte i 2024. Vi refererer her risikovurderingane slik dei kjem fram i eit saksnotat til sak 21/24 i styringsgruppemøtet 13. desember 2024. Saksnotatet var utarbeidd av ei «Hurtigarbeidande Økonomi og HandleKraft-gruppe» (HØHK-gruppa) som vart nedsett etter styringsgruppevedtak 13. september, i sak 13/24 om Polyfons økonomi og kapasitet til å realisere klyngas mål. Med utgangspunkt i tidlegare risikovurderingar i strategi- og styringsgruppe, summerte arbeidsgruppa opp risikovurderingane på følgjande måte:

Økonomi: Klyngesamarbeidet er i dag i hovedsak finansiert av deltakeravgifter. Disse er lagt på et nivå som har gjort det mulig å ha et lite sekretariat og et erfaringspanel, samt å stimulere samarbeid gjennom rådgiving, erfaringsdeling i arbeidsgrupper, seminar/konferanser og utlysing av midler til forsknings- og formidlingsstøtte. Arbeidet med klyngens strategi og handlingsplan i 2023-2024 tilsier at det er ønskelig både å styrke sekretariatet og de tilgjengelige midler til forskning og formidling. Dette er ikke mulig med dagens økonomi, men er klart ønskelig med tanke på deltakernes faglige utbytte av klyngesamarbeidet. I tillegg kommer det momentet at klyngens utgifter de siste årene har vokst mer enn dens inntekter. Deltakeravgiften er i dag ikke indeksregulert og har heller ikke vært endret på andre måter siden 2021. Polyfon hadde en del midler å flyte på etter prosjektperiodene (2015-2020), men nå er dette oppbrukt og det er nødvendig med nye grep. Dermed er økonomiske utfordringer en helt reell risiko for klyngen fra 2026. Tiltak for å styrke økonomien bør ha høy prioritet om en vil bevare klyngen på dagens nivå og i enda større grad om en skal videreutvikle og øke det faglige samarbeidet som er bygd opp over tid.

Samfunnskontekst: Polyfons videre utvikling vil etter all sannsynlighet skje i en samfunnskontekst med økende utfordringer knyttet til demografi og økonomi, der det bl.a. trolig vil bli stor knapphet på ressurser for å løse oppgaver i kommune- og helsetjenestene. I denne situasjonen vil musikkterapi stå i fare for å bli nedprioritert som «ikke lovpålagt oppgave», samtidig som musikkterapiens evne til å mobilisere nye helseressurser i individ og lokalmiljø kan gjøre fagfeltet til en del av løsningen på de kommende samfunnsutfordringene. Å løse ut dette potensialet vil imidlertid kreve en betydelig nasjonal innsats. Det er også en stor utfordring at implementering av musikkterapi i dag er svært ujevn i de ulike helseregionene, jf. figuren på s. 8 i Polyfons årsmelding for 2023. Det er vurdert at det er en risiko på flere nivå dersom en får en ufullstendig oppskalering av musikkterapi i Norge. For brukere og tjenester vil dette selvsagt innebære at tilgang på forskningsbaserte og anbefalte helsetilbud ikke blir likeverdig. For faget og klyngedeltakerne representerer dette en risiko fordi det over tid blir vanskelig å opprettholde og videreutvikle kvalitet i utdanning og forskning når det nasjonale praksisvolumet er såpass lavt og skjevt fordelt som det er i dag.

Fag: Klyngens faglige potensial er i utgangspunktet stort. Polyfon samler alle de største forsknings-miljøene i norsk musikkterapi, viktige forskningsmiljø innen musikk og helse mer generelt, og dessuten kommuner, en fylkeskommune og flere helseforetak som ønsker å arbeide systematisk med implementering, kvalitetsforbedring og kunnskapsutvikling innen klyngens faglige område. Vi registrerer faglig interesse for klyngesamarbeidet også fra aktører som i dag ikke er en del av det. Faglig risiko er derfor først og fremst relatert til risikomomentene som er beskrevet under økonomi og samfunnskontekst. Konkret vil f.eks. en manglende styrking av klyngeøkonomien framover kunne føre til at de beskrevne fagmiljøene etter hvert finner bruken av klyngas tilbud og støtteordninger mindre interessant og relevant.

Organisasjon: En klynges mål er å tilrettelegge for samspill mellom ulike kompetansemiljø som kan utfylle og styrke hverandre. Dagens Polyfon-sekretariat vurderes å være i minste laget i forhold til oppgavene, og da særlig med tanke på behovet for både å sikre en økonomisk robust organisasjon og for å kunne være faglig pådriver for utvikling av klyngen i tråd med handlingsplan og de behov som frem-kommer i denne saken. En vesentlig del av stillingsressursen Polyfon har satt av til dette går i dag med til mer administrative oppgaver som økonomioppfølging, saksforberedelse, planarbeid, årsrapportering, oppfølging av erfaringspanel, osv. Dette er nødvendige oppgaver, men helheten blir mer problematisk dersom det er for stor underkapasitet på oppfølging av de faglige mulighetene i klyngesamarbeidet. For å sikre nødvendig bærekraft i klyngens organisasjon, blir det derfor nødvendig både å se på sekretariatets størrelse og funksjon, hvordan dette kan styrkes / suppleres faglig f.eks. av en knutepunktmodell, og en tydeliggjøring av hvordan de enkelte

klyngedeltakere enkeltvis og samlet kan bidra i realisering av klyngens målsettinger (jf. sak 18/24 og kap. X i forslaget til Handlingsplan). I tillegg vil etablering av en nasjonal kompetansetjeneste bidra til å løfte musikkterapifeltet nasjonalt og gi annerkjennelse av Helse Bergens med musikkterapi, samt en sannsynlig styrking av Polyfon som kunnskapsklynge.

## Rullert handlingsplan for 2025

I styringsgruppesak 18/24 i møtet 13. desember vedtok styringsgruppa ein handlingsplan for 2025-2030. Denne tar utgangspunkt i klyngas Strategi og gjeld for heile strategiperioden, men skal rullerast kvart år ut i frå endringar i kontekst og behov. I sak 19/24 vedtok styringsgruppa så ei rullering av planen for 2025, med prioriterte tiltak innan åtte ulike område. Vi gjev her ein nedkorta presentasjon av dei prioriterte tiltaka i 2025 og viser til Polyfons nettside for tilgang til heile den rullerte handlingsplanen for 2025.

**Nasjonal funksjon**

Polyfon skal bidra til utvikling av fag / tjenester i hele Norge og modeller for dette er under utarbeiding. Prioriterte tiltak i 2025: *1) Systematisk arbeid med å rekruttere klyngedeltakere fra hele landet, der det legges vekt på rekruttering etter knutepunktmodellen. 2) Tydeliggjøring av klyngesamarbeidets merverdi, der det differensieres mellom regionale og nasjonale klyngeoppgaver.*

**Bruker- og pårørendemedvirkning**

Medvirkning er en demokratisk rettighet, bidrar til styrking av kvalitet og er en kjerneverdi i musikkterapi. Prioritert tiltak i 2025: *Koordinator for brukermedvirkning + erfaringspanelet får tilbud om opplæring.*

**Kunnskap i samfunnet om musikkterapi og musikk som helseressurs**

Målsettingene som er satt for klyngesamarbeidet kan ikke realiseres uten at relevant kunnskap er lett tilgjengelig i samfunnet. Prioritert tiltak i 2025: *Etablering av et formidlingsforum for samordning av formidlinga i klynga.*

**Integrasjon av musikkterapi i tjenester og tilbud**

Systematisk integrering i tjenester og -tilbud er nødvendig for at befolkninga skal ha likeverdig tilgang til musikkterapi. Prioriterte tiltak i 2025: *1) Undersøke muligheter for å styrke implementering nasjonalt. 2) Styrking av kontaktflata med myndigheter, bl.a. med mål om å få musikkterapi inn i aktuelle oppdragsbrev.*

**Musikk som folkehelseressurs**

Folks egen hverdagsbruk av musikk og ulike profesjoners musikkarbeid inngår i en økologi av praksiser som utfyller, støtter og påvirker hverandre. Prioritert tiltak i 2025: *Arbeid for å bygge tverrfaglig samarbeid om musikk og folkehelse settes på agendaen i et tverrfaglig seminar.*

**Forsking om musikkterapi og andre helserelaterte musikkpraksiser**

Praksis- / samfunnsrelevans kan bidra til forsking av internasjonal standard. Prioritert tiltak i 2025: *Seminar for styrking av dialogen mellom studenter, forskere, praktikere og erfaringsrepresentanter.*

**Utdanningene i musikkterapi**

Solid fagkompetanse er en forutsetning for god praksis, forsking og fagutvikling. Prioritert tiltak i 2025: *Dialoger mellom aktuelle fagmiljø i klynga for å stimulere utvikling av framtidig etterutdanning/videreutdanning/spesialistutdanning.*

**Emner og kurs om musikkterapi / musikk og helse i aktuelle utdanninger**

Emner og/eller kurs om musikkterapi / musikk og helse i aktuelle utdanninger bidrar til økt bevissthet om musikkens muligheter og til økt kvalitet i ulike profesjoners egen yrkesutøving. Prioritert tiltak i 2025: *(Den tverrfaglege) arbeidsgruppeaktiviteten vitaliseres og ledelsesforankres.*

Klynga legg altså opp til årleg rullering av Handlingsplanen for 2025-2030, basert på evaluering av klyngeaktivitet og samfunnseffekt.

# Vedlegg 1: Generelt om kunnskapsklynga Polyfon

Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi vart starta som eit prosjekt i 2015 og er sidan januar 2022 etablert som ein fast, nasjonal samarbeidsstruktur.

Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi bygger eit nasjonalt leiande og internasjonalt orientert samarbeid om musikk som helseressurs, med følgjande visjon: *Musikk for betre liv, helse og fellesskap.*

Klyngas hovudmålsetjing, slik det går fram av Polyfons strategi for 2024-2030, er:

> *Kunnskapsklynga Polyfon skal styrke musikkterapi som helse- og sosialfagleg arbeid, utdanningsveg og forskingsområde i Norge, og samstundes støtte og stimulere annan bruk av musikk som ressurs for livskvalitet, meistring, læring og samfunnsdeltaking.*

For å realisere visjon og hovudmålsetjing, har klynga sett seg målsettingar knytte til 1) Formidling, 2) Praksisutvikling, 3) Forsking, og 4) Utdanning. Desse går fram av innleiingane til kap. 1-4 i årsmeldinga.

Det musikkterapeutiske arbeidsfeltet famnar heile livsløpet og spekteret frå folkehelsearbeid til behandling. Polyfon-konferansen vert arrangert årleg i første halvdel av november, som klyngas viktigaste møteplass for kunnskapsformidling, erfaringsdeling, inspirasjon, dialog og diskusjon. Mykje formidling elles skjer digitalt.

Alle klyngedeltakarar har ein representant i styringsgruppa. Erfaringspanelet har to representantar. Styringsgruppa ved utgangen av 2024 var:

- Bergen kommune: Belén Birkenes, kommunaldirektør Byrådsavdeling for barnevern, sosiale tenester og mangfald (BBSM)
- Betanien Sykehus: Maria Hauser, einingsleiar for psykisk helse
- Griegakademiet, UiB: Frode Thorsen, dekan Fakultet for kunst, musikk og design
- Haugesund kommune: Camilla Rødsrud Schøyen, kulturskolerektor
- Helse Bergen: Randi-Luise Møgster, direktør Divisjon psykisk helsevern
